

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1863 - 23/11054

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
30.04.2023

Oversending av klage til endeleg avgjerd - gbnr 188/196 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. **Saknr:**

Tiltakshavar:

Ansvarleg søker:

Søknadstype:

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbL) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Saka gjeld

Klage datert 22.06.2022 omfattar både realitetsavgjerd i sak, samt klage på gebyr. Klaga på realitetsavgjerd i sak er følgd vidare opp i eiga klagehandsaming. Det er klaga på gebyr som er tatt til vurdering her.

Det er i klage vist til at kommunen ikkje trengde å sende saka på uttale til Statsforvaltaren i Vestland, og at det dermed ikkje var grunnlag for å legge på ytterlegare fire veker på sakshandsamingsfrist jf. byggesaksforskrifta (SAK10) §7-5. Som følgje av dette viser tiltakshavar til at sakshandsamingsfrist er broten, og at krav om gebyr må bortfalle.

Rettsleg utgangspunkt

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 første ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmast overordna det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl. § 33 andre ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

Forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b) slår fast at eit enkeltvedtak er eit vedtak

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

som gjeld «rettigheter eller plikter til en eller fleire bestemte personer». I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyr-forskrift er utforma slik at eit ein tydig bestemt gebyr skal betalast, kan ileyding av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebrysatsar så framt det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjera kva gebyr som skal leggjast til grunn i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjerningar.

Vurdering

Det er ikkje vurdert at det er klaga på gebyrforskrifta til Alver kommune. Klaga er retta mot berekning av sakshandsamingsfrist i den aktuelle byggesaka, med visning til rett på tilbakebetaling av gebyr jf. SAK10 §7-6. Særleg er det vist til at kommunen ikkje trengde å sende saka på uttale til ekstern mynde.

Fastsetting av tidsfrist i byggesak følgjer direkte av plan- og bygningslova (tbl.) §21-7 og SAK10 §7-2 og §7-5. Dette er ein del av saka sin natur etter fristbereking i regelverket, og slik sett ikkje ei vurdering kommunen har handlingsrom i.

Det er her klaga på sakshandsaminga til kommunen, ved visning til bl.a. fastsetting av frist i sak og at sak vart sendt på uttale. Det er vurdert at det er klagerett på dette jf. fvl. §28.

Kommunen kan ikkje sjå at det er gjort feil ved berekning av tidsfrist i byggesaka, og fastsetting av gebyr.

Orientering om vurdering av sakshandsamingsfrist

Det går fram av SAK10 §7-6 at det er grunnlag for tilbakebetaling av gebyr ved fristbrot i sak etter tbl. §21-7 første og fjerde ledd, samt for saker etter SAK10 §7-4 bokstav a).

Det er på det reine at det er søkt om dispensasjon i denne saka, og at den vert omfatta av tbl. §21-7 første ledd og SAK10 §7-4 bokstav a). I vedtak er det vist til klaga er det vist til at fristen på 12 veker er broten, ettersom det ikkje var naudsynt å sende sak på uttale.

Frist rekna frå 24.02.2022. Kommunen legg til grunn at sak skulle på uttale til ekstern mynde, og at sakshandsamingsfrist vert forlenga med 4 veker for denne uttala. Det er vurdert at sak skulle på uttale til ekstern mynde. Særleg ettersom det er søkt dispensasjon frå regulert byggegrense mot fylkesveg, som Vestland fylkeskommune normalt har interesse i. Vidare er tidsfrist forlenga med 3 dagar for tida kommunen venta på dokumentasjon etter mangelbrev. Endeleg frist er vurdert til 19.06.2022.

Vedtak i sak er datert 14.06.2022, og kommunen vurderer at det ikkje er grunnlag for tilbakebetaling etter SAK10 §7-6.

Oversending av klage til endeleg handsaming

Klage i sak vert sendt over til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg handsaming.

Med venleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsén
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på gebyr - gbnr 188/196 Gjervik ytre

Epost

Kart

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 188196 Gjervik ytre

Klage på vedtak - gbnr 188/196 Gjervik ytre

Kart

Avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 188/196 Gjervik ytre

Søknad om dispensasjoner - gbnr 188/196 Gjervik ytre

Situasjonskart 1_500A4

Tegning - Revidert Hagestue 15 m²

Godkjent. dispensasjon fra byggegrense mot offentlig avløpsledning - gbnr 188196 Gjervik Ytre

Oversender søknad til uttalelse - gbnr 188/196 Gjervik ytre

Fwd klage på vedtak

Fakturagrunnlag - gbnr 188/196 Gjervik ytre

Tilleggsopplysninger - gbnr 188/196 Gjervik ytre

Nabovarsel -20220204-1221

Kvittering for nabovarsel - 20220204-1221

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 188/196 Gjervik ytre

epost - Søknad om dispensasjon gbnr 188/196

Kopi til:

Terje Dale

Lyngvegen 39

5914

ISDALSTØ

Terje Dale

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger